



Notat

Dato
LEIKANGER, 24.05.2019

Til: Fylkesutvalet, møte 29. mai 2019

Frå: Fylkesrådmannen

Oppretting av mineralråd

Fylkesrådmannen viser til vedlagte brev, med vedlegg, frå ordførarane i Naustdal og Askvoll kommunar, dagsett 03.05.19, om oppretting av mineralråd.

Ordførarane skriv m.a. at fylkesutvalet, i sak 35/19, vedtok «å skipe mineralrådet». Dei ber no om at rådet vert etablert så snart som mogleg.

Fylkesrådmannen orienterer med dette om brevet frå kommunane.

Eg tolkar ikkje fylkesutvalet sine vedtak slik at det er fylkeskommunen som skal ta initiativ til å skipe mineralrådet.

I sak 23/18 gjorde fylkesutvalet slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar opp om målsettingane og tiltaka som ligg i mineralstrategien frå Naustdal og Askvoll.
2. Mineralstrategien sine målsetningar innan mineralretta næringsutvikling vert å vurdere i samband med rullering av regional plan for verdiskaping.
3. Målsetningane innan samferdsle og infrastruktur vert å vurdere i samband med revisjon av Regional transportplan.
4. Fylkeskommunen vurderer å engasjere seg i samband med møteplassar og nettverk innan mineralretta næringsutvikling. Om mineralnæringa og kommunar tek initiativ til å lage eit mineralråd for Sogn og Fjordane, bør Sogn og Fjordane fylkeskommune vere deltakar i dette.
5. Fylkeskommunen peikar på viktigheta av å bruke ein mineralstrategi og eit mogleg mineralråd til å styrke utviklingsarbeid knytt til bruk av deponimassar (mi understrekning, TE).

I sak 35/19 (Skriv og meldingar) gjorde fylkesutvalet følgjande vedtak i tilknyting til fylkesrådmannen sitt notat om «Arbeidet med mineralråd»:

Fylkeskommunen støttar opp om initiativet frå Naustdal og Askvoll ved skiping av Mineralråd. Fylkeskommunen peikar på viktigheta av å bruke ein mineralstrategi og eit mineralråd, og støtter opp om målsettingane og tiltaka som ligg i mineralstrategien frå Naustdal og Askvoll.

Fylkesutvalet sitt vedtak i sak 35/19 er såleis ei stadfesting av utvalet sitt vedtak i sak 23/18. Ifølgje pkt. 4 (understreka) i sistnemnde vedtak bør fylkeskommunen vere deltakar i eit mineralråd dersom næringa og kommunar tek initiativ til å lage eit slikt råd.

Fylkesrådmannen legg ut frå dette til grunn at det er næringa og kommunane Askvoll og Naustdal (ev. nye Sunnfjord) som ev. etablerer rådet. Vidare at Sogn og Fjordane fylkeskommune kan vere deltakar dersom det vert skipa før årsskiftet. Vert rådet etablert i 2020 eller seinare, bør kompetent organ i Vestland fylkeskommune ta stilling til om fylkeskommunen skal slutte seg til eller ikkje.

Fylkesrådmannen legg opp til å svare kommunane i tråd med ovannemnde og ber om fylkesutvalet sine eventuelle merknader.